

## Invitasjon

Vi inviterer deg til presentasjon av eit nytt Næringsbarometer for Sogn og Fjordane med synspunkt på korleis året vil utvikle seg i fylket. Vi har spurt næringslivet om forventningane til året, og vi har testa tilstanden i viktige næringar.

### *Tid og stad*

**Fredag 23.januar kl. 10, Firdasalen hjå Sogn og Fjordane fylkeskommune, fylkeshuset i Leikanger**

### *Program*

- Velkomst v/ Hilmar Høl, hovudutvalet for plan og næring
- Nasjonal og internasjonal økonomi med vekt på fall i kronekurs og oljepris. Korleis påverkar dette næringslivet i fylket?  
v/ Arvid Andenæs, Sparebanken Sogn og Fjordane
- Presentasjon av funna i barometeret  
v/ Tore Thorsnes, NAV og Marit Gjerstad, NHO
- Spørsmål og diskusjon

[Meld deg på her](#) og få ein liten matbit og kaffikopp. Presentasjonen vert òg streama slik at du kan sjå framlegginga på din eigen PC. Klikk deg inn på [www.sfj.no](http://www.sfj.no).

Næringsbarometeret er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Innovasjon Norge, NAV, NHO Sogn og Fjordane og Sparebanken Sogn og Fjordane.

Hovudbarometeret kjem i mai og denne januarutgåva er ei lettare utgåve av næringsbarometeret.

### *Helsing partnarane bak Næringsbarometeret for Sogn og Fjordane*

